

# Hyllestad kontrollutval

*SEKOM-sekretariat*

*www.sekom.no | post@sekom.no*

## Møteinnkalling

**Møtedato:** 24.11.2015  
**Møtestad:** Hyllestad kommunehus, kommunestyresalen  
**Møtetid:** Kl. 10:00

**Innkalling:** Faste medlemar i utvalet  
**NB! Varamedlemene vert også kalla inn til dette møtet**  
Revisor i sak 28 og 29

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

- Arnar Helgheim: [ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no) (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
026/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
027/15	Skriv og meldingar
028/15	Opplæring av nytt kontrollutval
029/15	Sørbovåg vassverk - prosjektrekneskap
030/15	Møteplan 2016
031/15	Oppfølgingsliste 4 - 2015
032/15	Eventuelt

Med helsing

Svein Arild Dale  
Leiar

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Hyllestad kontrollutval	<b>Møtedato</b> 24.11.2015	<b>Saksnr</b> 026/15
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/486
---	----------------------	-------------------------------

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Hyllestad kontrollutval	<b>Møtedato</b> 24.11.2015	<b>Saksnr</b> 027/15
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/487
---	----------------------	-------------------------------

## Skriv og meldingar


### Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	02.10.2015	Hyllestad kommunestyre - val av kontrollutval 2015 - 2019	15/1710

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



SAKSGANG		
<b>Utval, styre m.v.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>
Hyllestad kommunestyre	24.09.2015	051/15
<b>Sakshandsamar:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsaknr.</b>
Bente Nesse	<b>K1-014</b>	14/350

## Val av kontrollutval 2015-2019

### ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel følgende representantar til kontrollutvalet:

1. Som leiar vert valt.....
  2. Som nestleiar vert valt.....
  3. Som medlem vert valt.....
- Varamedlem 1:.....  
Varamedlem 2:.....

### 02.10.2015 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

Geir Helge Nordstrand, H, la fram felles framlegg til kontrollutval frå alle parita:

Leiar: Svein Arild Dale, AP

Nestleiar: Jørgen Solvang, H

Medlem: Gunn Tonning Albertsen, SP

1. vararepr.: Jeanett Herstad, SP
2. vararepr.: Steinar Urnes, KrF

Framlegget frå Nordstrand vart samrøystes vedteke.

### KOMM-051/15 SAMRØYSTES VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel følgende representantar til kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019:

Leiar: Svein Arild Dale, AP

Nestleiar: Jørgen Solvang, H

Medlem: Gunn Tonning Albertsen, SP

3. vararepr.: Jeanett Herstad, SP
1. vararepr.: Steinar Urnes, KrF

## **DOKUMENTLISTE:**

### **AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:**

Kommunelova §§17, 77

Reglement for kontrollutvalet

### **KVA SAKA GJELD:**

Val av kontrollutval 2015-2019

### **SAKSUTGREIING:**

Kontrollutvalet skal ha 3 medlemmer med vara. Det skal veljast leiar og nestleiar. Valet føregår som forholdstalsval dersom minst ein kommunestyremedlem krev det, eller etter samrøystes vedtak om avtaleval; jf. val av formannskap.

Kontrollutvalet sitt reglement, k-sak 009/15 :

§ 2 Val – samansetjing:

*Kontrollutvalet skal ha 3 medlemmer. Det skal velgjast minst 2 varamedlemer. Minst ein av medlemmane skal veljast blant kommunestyret sine medlemmar. Dei andre medlemmane vert valde på fritt grunnlag.*

*Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.*

*Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.*

*Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.*

*Ved val av medlemmer og varamedlemer skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemmer og varamedlemer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.*

*Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.*

*Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.*

*Valretten ligg til kommunestyret.*

Kommunelova §77 om kontrollutval:

§ 77. Kontrollutvalget

*1. Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning på sine vegne. Utvalget skal ha minst tre medlemmer. Kommunestyret og fylkestinget velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder. Minst ett av utvalgets medlemmer skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer. Utvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret og fylkestinget når utvalgets saker behandles.*

*2. Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal*

*nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.*

*3. Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst foreta nyvalg av utvalgets medlemmer.*

*4. Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

*5. Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*6. Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.*

*7. Kontrollutvalget kan hos kommunen eller fylkeskommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene.*

*8. Kommunens og fylkeskommunens revisor har møte- og talerett i kontrollutvalgets møter.*

*9. Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalget.*

*10. Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om kontrollutvalgets oppgaver og saksbehandling mv.*

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Hyllestad kontrollutval	<b>Møtedato</b> 24.11.2015	<b>Saksnr</b> 028/15
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-033	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/463
---	-------------------------	-------------------------------

## Opplæring av nytt kontrollutval

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.10.2015	Lysark til oppstartmøta i kontrollutvala hausten 2015 ved SEKOM-sekretariat	3429
26.10.2015	Presentasjon av Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon)	3431
26.10.2015	Invitasjon til dagsseminar/kurs 25.1.2016: Tilsyn og kontroll i kommunal sektor	3428

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tek gjennomgang /opplæring frå sekretariat og revisor til orientering.

...

### Saksutgreiing:

I det første møte for det nye kontrollutvalet, ser vi føre oss ein presentasjon av medlemane i utvalet, deretter vil SEKOM-sekretariat sine to tilsette presentere seg. Vidare vil leiaren i SEKOM-sekretariat ta ei kort orientering/opplæring i høve møterutinar, oppgåvene og ansvaret til kontrollutvalet. Revisjonsselskapet vert også invitert til å presentere sine oppgåver og tilsette.

SEKOM-sekretariat sende brev til «våre» 15 kommunar 14.9.2015 med informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019. Det var det m.a. teke med at det var viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og at det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Den 25. januar 2016 arrangerer Sogn og Fjordane kommunerevisorforening opplæring for alle kontrollutvala i fylket på Thon Hotel Jølster (Skei hotel). SEKOM-sekretariat vil oppmode medlemane i kontrollutvalet til å delta på fylkeskonferansen, som vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar. Det er også fint om varamedlemar i kontrollutvalet har høve til å delta.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) fagkonferanse der målgruppa er kontrollutvala og sekretariata til kontrollutvalet. I 2016 vert FKT sin fagkonferanse 7.-8. juni på Thon Hotel Oslo Airport. Kontrollutvalet er medlem i FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande Kontrollutvalskonferanse 3.- 4. februar 2016 på Gardermoen.

Kommunal- og Regionaldepartementet ga i 2011 ut kontrollutvalsboka, som er ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalsboka er under revidering, og når oppdatert versjon er ferdig, vert den delt ut til kontrollutvalsmedlemene.

På nettsida [www.sekom.no](http://www.sekom.no) finn du mellom anna alle innkallingar og møtebøker til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område. Du finn kontrollutvalsboka, sentrale lover, forskrifter, retningslinjer, publikasjonar og nyttige lenkjer under menyen [«Til hjelp for kontrollutvala»](#).

SEKOM-sekretariat legg opp til at ordførar og rådmann vert invitert til neste møte i kontrollutvalet. Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, og det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutval tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis de kan utveksle informasjon og oppdatere kvarande på aktuelle saker. Rådmannen vert innkalla i konkrete saker, der han møter personleg, eller at andre møter på rådmannen sine vegner. SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med rådmann i starten av valperioden.



## Kontrollutvalet

2015 – 2019

Oppstartmøte



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Målet i dag...

- Gi dykk som er folkevalde i kontrollutvalet ein god start på 4-årsperioden..
  - Bli kjende med kvarandre
  - Gi ein introduksjon om kontrollutvalet sin funksjon
  - Nokre tankar frå sekretariatet om utvalet sitt arbeid og funksjon
  - Introduksjon frå revisor
- Kom gjerne med innspel og spørsmål under vegs!



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Kva er eit kontrollutval?

- Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap for tilsyn og kontroll med kommunen si verksemd.
  - Ein velfungerande eigenkontroll er med på å sikre effektiv og rett bruk av ressursane og styrkjer tilliten til kommunen.
  - Saman med kommunestyret, revisor og administrasjonen er utvalet såleis ein viktig aktør i kommunen sin eigenkontroll.



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)


## Meir om kontrollutvalet kjem..

- Dette blir berre ein aldri så liten forsmak 😊
- Sett av måndag 25. januar 2016!
  - Fylkessamling i regi av Sogn og Fjordane kommunerevisorforening
  - Thon Hotel Jølster (Skei hotel)



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)



## Møta i utvalet

- Sekretariatet avklarar saklista med leiar før utsending og den kjem til medlemmane ca 7 dagar før møtet.
- Sakliste og møtebok ligg også på [www.sekom.no/kontrollutval/](http://www.sekom.no/kontrollutval/).
- Gjennomføring av møta treng ikkje vere veldig formell, og det er rom for å «finne si eiga form».
  - Det bør vere tydeleg når ein byrjar på handsaming av ei ny sak, og sjølv avrøystinga.
- Møta er opne og gjennomføringa bør såleis vere ryddig og oversiktleg også for eventuelle tilhøyrarar.
  - Sjå meir i [KS-heftet «Møtet er satt»](#).

**SEKOM-sekretariat** www.sekom.no | post@sekom.no

## Innhold i møta

- Handsaming av saker
- Informasjon om skriv og meldingar
- Informasjonssaker. Til dømes kan KU kalle inn rådmannen eller andre til å gi informasjon.
  - Kan vere både generell informasjon om saksfelt og konkret informasjon t.d. oppfølging av tilsyn.
- Synfaringar ved kommunale einingar, kommunale føretak, selskap mm?
- Møta vert avslutta med underskriving av møtebok.



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Opne møte

- Kontrollutvalet sine møte er opne for alle som ønskjer (Same hovudregel som andre folkevalde organ).
- Eventuell lukking av møte må vedtakast i kvar sak og ha heimel i lovverket.
- SEKOM har laga rutine for handsaming av spørsmål om lukking av møte.
  - Sjå nettsida under [«Til hjelp for kontrollutvala»](#)



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Habilitet

- Det er medlemne sjølv som tek opp spørsmål om habilitet.
- Dette vert gjort straks leiaren har opna for handsaming av den aktuelle saka.
- Sjå rutiner med klipp frå lovheimlar på SEKOM si nettside ([«Til hjelp for kontrollutvala»](#))



SEKOM-sekretariat

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Møterett i kontrollutvalet

- Revisjonssjef og ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet med heimel i kommunelova.
  - Revisjonssjef eller annan revisor vil som hovudregel delta i kontrollutvalet sine møte.
  - Sekretariatet meiner det er nyttig om ordførar også deltek på møta.
- Rådmannen vert innkalla i konkrete saker.
  - I overordna saker, møter rådmannen personleg (evt saman med andre), medan det i andre saker kan vere at andre møter på rådmannen sine vegner.
- SEKOM rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med ordførar og rådmann i starten av valperioden.



SEKOM-sekretariat

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Revisor

- Kommunane sine revisorar er viktige kjelder og premissleverandørar i kontrollutvalet sitt arbeid.
- Kommunane i SEKOM-sekretariat sitt område, har 2 ulike interkommunale revisjonsselskap:
  - Kommunerevisjonen i Nordfjord i Gloppen, Eid, Stryn og Hornindal. Revisjonssjef Markvard Sunde
  - KRYSS Revisjon i ytre Sogn og Sunnfjord (11 kommunar). Revisjonssjef Terje Førde
- Begge selskapa leverer både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Kontakt med kommunestyret / bystyret

- Sekretariatet rår til at kontrollutvalsleiar deltek i kommunestyret i saker frå utvalet.
  - Det er fint om leiaren får ordet først i slike saker for å seie litt om innhaldet i saka og kontrollutvalet si handsaming (avklar deltaking med ordførar).
  - Dette gir nyttig og god informasjon til kommunestyret, og det er med på å synleggjere kontrollutvalet.
- Kommunestyret kan også ønskje å gi tilbakemeldingar og signal til kontrollutvalet eller be om utfyllande informasjon.



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Opplæring og konferansar

- Det blir felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket tidleg i 2016.
- Sekretariatet og revisor legg opp opplæring gjennom perioden i samråd med utvalet.
  - Dette kan vere generell informasjon eller spesifikk kunnskap innan avgrensa område.
- Sekretariatet rår til at ein eller fleire frå utvalet deltek på årlege konferansar for kontrollutval. Dei mest aktuelle er
  - Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin årskonferanse ca juni
  - Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) si kontrollutvalskonferanse ca februar.




SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

## Aktuelle saker i utvalet (1)

Sak	HeimeI	Merknad	KU si rolle	Månad													
				J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D		
Møteplan	Kml § 77,8 og 9, Forsk k-utval §19		Vedtak														
Revisor si uavhengigheit	Kml §79, F.skr. rev. Kap. 6.	Kopi til kommunen som informasjon	Vedtak														
Årsmelding kontrollutval	Kml § 77,6		Tilråding														
Budsjett kontroll og tilsyn	F.skr.k-utval § 18		Tilråding														
<b>Rekneskapsaker</b>																	
Årsrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale														
Rekneskap KF, fond, m.m.	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale														
Rekneskapsrevisjon - info om revisjonsplan		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting														
Rekneskapsrevisjon - gjennomgang		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting														
Prosjektrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2	Sjå kvar kommune sine økonomireglar	Uttale														



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no





## Til hjelp i utvalsarbeidet

- SEKOM si nettside: [www.sekom.no](http://www.sekom.no) !
- Menyen «[Til hjelp for kontrollutvala](#)» på SEKOM-sekretariat si nettside. Her finn de mellom anna
  - Kontrollutvalsboka (2011). KMD har lova oppdatert utgåve ca november 2015
  - Reglement for kontrollutvala
  - Lover og forskrifter
  - Rettleiarar
  - Informasjon frå SEKOM-sekretariat
  - Med meir



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## SEKOM-sekretariat

- Sekretariatet er kontrollutvalet sitt organ for saksførebuing, utgreiing og oppfølging av saker.
- Sekretariatet er uavhengig både av revisor og kommuneadministrasjonen.
- SEKOM-sekretariat er kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn.
- Vi er 2 tilsette som deler på sekretariatsfunksjon og andre oppgåver:
  - Dagleg leiar Arnar Helgheim har hovudansvaret for kontrollutvala i
    - Bremanger, Gaular, Flora, Hornindal, Hyllestad, Naustdal og Stryn. Har også ansvar for sakshandsaming og oppfølging knytt til styret og arbeidsutvalet i SEKOM-sekretariat.
  - Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme har hovudansvaret for kontrollutvala i
    - Askvoll, Eid, Fjaler, Førde, Gloppen, Gulen, Jølster og Solund.



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Sekretariatet si rolle i møta

- Syter for innkalling, sakliste og møtebok
  - Bidrar med praktisk hjelp og råd om framdrift, formalitetar osv.
  - Utvalet kan spørje den som representerer sekretariatet om råd og informasjon.
  - Sekretariatet ber også om ordet dersom vi trur det trengs til dømes avklaring av formalitetar.
- Sekretariatet prøvar å tilpasse vår medverknad i tråd med ønskjer frå kvart utval og gjerne etter drøfting med leiaren.



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)


## Meir om kontrollutvalet..

- **25.1.2016 på Skei (Thon Hotel Jølster):**
  - Felles opplæring for alle kontrollutvala i Sogn og Fjordane
- Arrangør
  - Sogn og Fjordane Kommunerevisorforening
- Vi håpar alle kontrollutvalsmedlemene har høve til å delta på samlinga!



**SEKOM-sekretariat**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)



**R**  
Riksrevisjonen

**R**  
Riksrevisjonen


**Norges Kommunerevisorforbund**  
NKRF

**Norges Kommunerevisorforbund**  
NKRF

**KRYSS Revisjon**  
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

**Sogn og Fjordane Kommunerevisorforeining**

**Kommunerevisjonen i 11 kommunar i Ytre Sogn og Sunnfjord**  
Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde  
Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund





**SAMARBEIDSAVTALE**

mellom  
kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn  
om  
**REVISJONSTENESTER**

---  
Interkommunalt samarbeid; Kommuneleva § 27 :  
**”Kommunerevisjonen for kommunane  
i Ytre Sogn og Sunnfjord”  
”KRYSS-REVISJON”**

2

sursar som i samband med omorganiseringa, vert overført til eit sideordna samarbeid for sekretariatstenester for kontrollutvala. For øvrig regulerer Samstyret ressursbehovet innfor rammene som er gjeve i vedtektene.

5

Deltakarkommunane sine rettigheter og plikter for øvrig vert regulert i vedtektene for samarbeidet.

Dato: 2. desember 2004

1

Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Nautdal og Solund er samde om å opprette eit felles revisjonsdistrikt som skal forestå kommunane med revisjonstenester .

Det blir oppretta eit interkommunalt samarbeid i samsvar med Kommuneleva § 27, der dei noverande 3 revisjonseiningar, Ytre Sunnfjord Revisjonsdistrikt, Indre Sunnfjord Distriktrevisjon, og Ytre Sogn Distriktrevisjon, inngår, og der det også vert åpna for at andre kommunar og interkommunale samarbeid kan slutte seg til.

Samarbeidet skal vere operativt frå og med 01.01.2005.

2

Deltakarkommunane forplikter seg til å delta i samarbeidet i minimum 5 år, - fram til 31.12.2009. Oppseingstida er 12 månader og avtalen kan tidlegast seiest opp 31.12.2008.

3

Det er deltakarkommunane sin foresetnad at samarbeidet vert drive slik at deltakarkommunane får dekkja sine revisjonstenester på ein effektiv måte, med fagleg dyktigheit og til gunstig pris.

4

Som grunnlag for drift av samarbeidet overfører deltakarkommunane dei ressursar som i 2004 vert brukt i kvar kommunen til drift av distriktrevisjonseiningane, med fratrekk av dei res-

(( underteikna av samlege deltakarar ))

Aud Kari Steinland  
ASKVOLL KOMMUNE  
ORDFØRARA

Forde  
BREMGANGER KOMMUNE  
ORDFØRAREN

Fjaler  
FJALER KOMMUNE  
Arne Tellei  
Fjaler kommune

Flora  
FLORA KOMMUNE  
Ordfører  
Flora kommune

Forde  
FORDE KOMMUNE  
Nils Reinhold  
Forde kommune

Gaular  
GAULAR KOMMUNE  
Jonny Salling  
Gaular kommune


Gulen  
GULEN KOMMUNE  
Ordfører  
Gulen kommune

Hyllestad  
HYLLESTAD KOMMUNE  
Ordfører  
Hyllestad kommune

Jølster  
JØLSTER KOMMUNE  
Aud Øyungedal  
Jølster kommune

Solund  
SOLUND KOMMUNE  
Ordfører  
Solund kommune

Samarbeidsavtale, Kommunerevisjonen for kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord, 02.12.2004



## Sentralt i forholdet KU og Revisor:

### Drifta av revisjonssamarbeidet:

- ① Samarbeidsavtalen
- ② Vedtekter
- ③ Årsbudsjett og Årsoppgjør – solidarisk ansvar 11 kommunar imellom
- ④ Politisk styrd og politisk kontrollert ordning; interkommunalt


### Tilsyn og kontrollordninga i kommunen:

- ☞ Engasjementsbrev
- ☞ Uavhengighetserklæringar
- ☞ Revisjonsplaner
- ☞ Internasjonale revisjonsstandarder
- ☞ Årsoppgjera til kommunane m/Revisjonsberetningar
- ☞ Revisjonsuttale, særattestasjonar, stadfesting økonomisk informasjon
- ☞ Revisjonsrapportar
- ☞ «Nummererte brev»
- ☞ Forvaltningsrevisjonsrapportar
- ☞ Irregulære forhold, mislegheitssaker
- ☞ Revisor møter i Kontrollutvalsmøta
- ☞ Eksterne kvalitetskontrollar av revisor, rapportar føreleggast Kontrollutvala

## § 76. Kommunestyret / Bystyret sitt tilsynsansvar

- **Kommunestyret/Bystyret** har **det øverste tilsynsansvar** med heile den kommunale forvaltninga

- Skal påsjå at dei kommunale rekneskapar blir revidert på ein betryggande måte



### **Kontrollutvalet**

☞ ei sentral rolle

9

## Kontrollutvalet sin rolle

*Loyforarbeidene - innføring av kontrollutvalet*



- **"Kontrollutvalet sine oppgåver ligger i funksjonen som tilsyns- og kontrollorgan. Det innebær at dette organet skal påsjå at organisasjon, saksførebuing og beslutningsprosess i dei politiske organ og administrasjonen fungerer på ein måte som garanterer oppfyljing av alle faglege krav og ivaretek grunnleggande retts-sikkerheitsomsyn overfor kommunen/ fylkeskommunen sine innbyggjarar og andre som blir berørt av vedtaka". (Ot.prop. Nr. 42 (1991-92), s. 196 - Kom.loven)**


10

## Kontrollutvalget sitt påsjå-ansvar ved rekneskapsrevisjon

- Påsjå at rekneskapan blir revidert på ein betryggande måte
- Påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning
- Må innebære eit påsjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor
- Korleis?
- Ingen standard på korleis dette skal vere i den enkelte kommune («veileder» NKRF)




11



12








Aktør	Oppgave
Kommunestyret Kopl § 76	•Det øverste tilsyn med heile den kommunale forvaltninga
Rådmannen Kopl § 23	•Saker forsvarleg utgreidde •Vedtak blir iverksett •Adm. i samsvar med lov, forskrift, instruks •Adm. gjenstand for betryggande kontroll
Kontrollutvalet Kopl § 77	•Det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Påsjå at det blir utført : –rekneskapsrevisjon –forvaltningsrevisjon –Selskapskontroll/eigarskapskontroll
Sekretariatet KU F § 20	•Saker til KU forsvarleg utgreidd •Vedtak gjort av KU blir iverksett
Revisjonen Kopl § 78	•Utføre og rapportere RR og FR i samsar med god kommunal revisjonsskikk
15	

KRYSS Revisjon, KST Hyllestad 6. sept. 2013

## Kommunen – vår viktigaste velferdsprodusent - frå vugge til grav

- Familie/-planlegging
- Jormor
- Helsestasjon
- Primærhelseteneste
- Barnehage
- Grunnskule / SFO
- Barnevern
- Ungdomsarbeid
- Sosialteneste
- Kultur
- Arealplanlegging
- Byggjesaker
- Kommunale vegar
- Vatn- og kloakk, renovasjon
- Brannvern, skog, landbruk
- Heimetenestene
  - Heimehjelp
  - Heimesjukepleie
- Omsorgsbustader
- Aldersheim / Sjukeheim
- Kyrkje/Kyrkjegardar





Kontrollutvalet skal vere uavhengig og objektivt og skaffar seg  
overblikk over kommunen si verksemd !

**KONTROLLUTVALET ER INGEN KLAGEMUR ELLER KLAGEINSTANS !**



21



SOGN OG FJORDANE KOMMUNEREVISORFORENING

## Invitasjon til dagsseminar/kurs Tilsyn og kontroll i kommunal sektor

Tid og stad:

**25. januar 2016, Skei Hotel, kl. 09:30 – 16:00**

Påmeldingsfrist:

**9. des. 2015**

**Pris : kr. 1 150,- (+ evt. overnatting rom/frokost frå 24.01.: kr. 995,-)**

**Forelesarar** : Tidlegare medlemmer av Kontrollutval, representant  
frå politisk leiing, administrasjonssjef og revisorar

**Målgruppe:** Medlemmer og varamedl. av kontrollutval, kontrollutvalssekretariata,  
ordførarar, rådmenn, kommunalsjefar/rådgjeverar, rekneskapsansvarlege,  
controller, økonomisjefar, revisorar/revisormedarbeidarar, forvaltningsrevisorar

**Innhald:**

*(Førebels program)*

**09:30 – 10:00 : Registrering, noko å bite i, kaffi og tea**

**10:00 – 10:30 : Opning, informasjon om kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane**  
*v/ revisjonssjef i Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Ingvar Linde*

10:30 – 11:00 : Kontrollutvalet og rekneskapsrevisjon *v/ rev.sjef. Ingvar Linde*

**11:00 – 11:15 : Pause, kaffe, tea**

**11:15 – 12:00 : Oppgåver og ansvar, rolledeling mellom politikk, administrasjon, revisjon** *v/ revisjonssjef i KRYSS Revisjon Terje Førde*

**12:00 – 13:00 : Lunsj**

**13:00 – 14:00 : Opplevingar og erfaringar frå kontrollutvalet**  
**Kommunestyret sine forventningar til kontrollutvalet**  
*v/ tidlegare kontrollutvalsleiar i Lærdal og fylkestingrepresentant Jan Olav Fretland*

**14:00 – 14:15 : Pause, kaffe, tea**

**14:15 – 16:00 : Forvaltningsrevisjon v/Terje Førde, Arnar Helgheim, m.fl.**  
- Overordna analyse og revisjonsplan  
- Generelt om forvaltningsrevisjon  
- Presentasjon av «case», lite prosjekt  
- Presentasjon av «case», større prosjekt

Det kan bli juseringar i programmet...

Sogn og Fjordane Kommunerevisorforening ønskjer deg vel møtt til kurs.

---

Leder:	Ingvar Linde	Tlf.: 57 65 63 39	Mob: 95 06 29 28	E-post: <a href="mailto:Ingvar.Linde@sf-revisjon.no">Ingvar.Linde@sf-revisjon.no</a>
Kasserer:	Torill Monsen	57 84 50 29	99 73 64 76	<a href="mailto:revisor@vagsoy.kommune.no">revisor@vagsoy.kommune.no</a>
Sekretær:	Terje Førde	57 82 48 02	99 22 92 27	<a href="mailto:terje.forde@krvssrevisjon.no">terje.forde@krvssrevisjon.no</a>



## SOGN OG FJORDANE KOMMUNEREVISORFORENING

### PÅMELDING

til dagseminar/kurs "tilsyn og kontroll i kommunal sektor" på Skei 25. jan. 2016

frå (kommune) .....

adresse .....

postnr/stad.: .....

som melder på disse deltakarane:

Kryss av om overnatting frå 24.01.-25.01.16

1. ....
2. ....
3. ....
4. ....
5. ....
6. ....
7. ....
8. ....
9. ....
10. ....

Kryss av for den som skal ha overnatting frå 24.01. (overnatting m/frokost = tillegg på kr. 995,-)

**Betaling med kr 1 150,- per deltakar til kontonummer: 3700.14.33378**

**Påmeldingsfrist 9. desember 2015.**

**Påmeldinga er bindende.**

Dato: ..... Underskrift:.....

---

Arrangøren ber om skriftlig påmelding og denne sendes per e-post til:

[terje.forde@kryvsrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryvsrevisjon.no)

---

Leder:	<b>Ingvar Linde</b>	Tlf.: <b>57 65 63 39</b>	Mob: <b>95 06 29 28</b>	E-post: <a href="mailto:Ingvar.Linde@sf-revisjon.no">Ingvar.Linde@sf-revisjon.no</a>
Kasserer:	<b>Torill Monsen</b>	<b>57 84 50 29</b>	<b>99 73 64 76</b>	<a href="mailto:revisor@vagsoy.kommune.no">revisor@vagsoy.kommune.no</a>
Sekretær:	<b>Terje Førde</b>	<b>57 82 48 02</b>	<b>99 22 92 27</b>	<a href="mailto:terje.forde@kryvsrevisjon.no">terje.forde@kryvsrevisjon.no</a>

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Hyllestad kontrollutval	<b>Møtedato</b> 24.11.2015	<b>Saksnr</b> 029/15
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-210	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/498
---	-------------------------	-------------------------------

## Sørbøvåg vassverk - prosjektrekneskap

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.11.2015	Revisjonsuttale - prosjektrekneskap Sørbøvåg Vassverk, prosjekt nr 1750	3535

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Saka går vidare til kommunestyret).*

Kontrollutvalet meiner at rekneskapan for prosjekt 1750 – Sørbøvåg vassverk kan godkjennast slik han ligg føre.

...

### Saksutgreiing:

Vi viser til den vedlagde oversendinga frå KRYSS Revisjon som inneheld:

- Revisjonsuttale datert 17.11.15
- Prosjektrekneskap datert 10.11.15
- Sluttrapport datert 5.11.15

Revisor sin konklusjon, jf side 2 i revisjonsuttalen:

Det er vår meining at prosjektrekneskapan for Hyllestad kommune for prosjekt 1750 Sørbøvåg vassverk, datert 10.11.2015, gjev eit korrekt uttrykk for prosjektet sitt resultat i samsvar med grunnlaget for rekneskapan som omtala i første avsnitt ovanfor.

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet gir følgjande uttale til kommunestyret:

*Kontrollutvalet meiner at rekneskapan for prosjekt 1750 – Sørbøvåg vassverk kan godkjennast slik han ligg føre.*



Hyllestad kommune  
Kommunestyret v/ordfører

6957 Hyllestad

Dykkar ref.:	Vår ref. :	Arkivkode :	Journalnr. :	Dokumentdato:
	Revuttale/prosjektrek/ Sorbovåg Vassverk	216	024/2015	17.11.2015

## **REVISJONSUTTALE – PROSJEKTREKNESKAP – SØRBØVÅG VASSVERK PROSJEKTNR. 1750.**

Vi har fått oss forelagt prosjektrekneskapen for prosjekt 1750 – Vassverk Sørbøvåg, Hyllestad kommune, for gjennomsyn, kontroll og uttale.

Prosjektrekneskapen, datert 10.11.2015, består av rekneskapsoppsett som syner oppstilling av utgifter tilhøyrande prosjektet for åra 2009 – 2015, finansiering og sluttrapport. Prosjektet har ein totalkostnad på kr. 17.121.791,-. Prosjektet er budsjettert med ei samla kostnadsalkyle på kr. 16.700.000,-, finansiert med låneopptak og bruk av investeringsfond. Differanse mellom budsjett og prosjektrekneskap kr. 421.791,- er finansiert med andre inntekter. Revisor har merka seg at kostnadsalkyle og finansiering har endra seg undervegs i byggjeprosessen og at budsjettendringar/ tilleggsløyving til prosjektet er vedteke av kommunestyret *etter* at kostnadene er påløpt i prosjektrekneskapen. Vi viser til lovkravet om at budsjettreguleringar skal finne stad *for* kostnadene påløper. Den føreliggande sluttrekneskap viser samsvar mellom regulert budsjett og samla finansiering. Vi syner til sluttrapport frå plan- og utviklingssjef og til Hyllestad kommune sitt *Reglement for investeringsprosjekt*.

Prosjektrekneskapen er utarbeida av økonomisjef.

Saka går via revisor til kommunen sitt kontrollutval og formannskap, og det ligg til kommunestyret i Hyllestad å gjere endeleg vedtak kring godkjenninga av prosjektrekneskapen.

### **Leiinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen**

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å gjere det mulig å utarbeide ein prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

### **Revisor sine oppgåver og plikter**

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår

---

#### *Regionskontor for kommunane:*

Flora, Bremanger  
**Flora kommune**, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobil tlf. 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 61 26 48;  
- evt. mobil tlf. 91 74 20 35

#### *Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll, Gulen  
**Førde kommune**, Rådhuset, Hafstad 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

#### *Regionskontor for kommunane:*

Hyllestad, Fjaler, Solund  
**Hyllestad kommune**, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46  
- evt. mobil tlf. 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobil tlf. 47 65 50 93

revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjons-skikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening, og gjev vår uttale i samsvar med ISA 805 «Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillinger og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling».

Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som underbyggjer rekneskapsopplysningane. Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at prosjektrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein prosjektrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for våre konklusjonar. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale

### **Konklusjon:**

Det er vår meining at prosjektrekneskapen for Hyllestad kommune for prosjekt 1750 Sørbøvåg vassverk, datert 10.11.2015, gjev eit korrekt uttrykk for prosjektet sitt resultat i samsvar med grunnlaget for rekneskapen som omtala i første avsnitt ovanfor.

Hyllestad, 17. november 2015

  
Aud Marit Nyland Eide  
kommunerevisor

Kopi: Kontrollutvalet

## Prosjektrekneskap P-1750 Sørbovåg vassverk

Konto	Konto (T)	Teneste	År 2009
03500	Kjøp av tenester frå kommunar	34000	24 400
03500	Kjøp av tenester frå kommunar	34500	24 400
<b>09109</b>	<b>Bruk av lån</b>	<b>87000</b>	<b>-48 800</b>
			0
Konto	Konto (T)	Teneste	År 2010
01150	Matvarer	34000	691
01200	Samlepost anna forbruksmaterial	34000	874
01400	Annonser	34000	760
02302	Byggetenester	34000	0
02900	Internkjøp	34000	96 837
02900	Internkjøp	34500	96 838
02700	Andre tenester	34000	800
<b>09109</b>	<b>Bruk av lån</b>	<b>87000</b>	<b>-196 800</b>
			0

Konto	Konto (T)	Teneste	År 2011
00100	Fast løn	34500	6 248
00800	Godtgjersle folkevalde	34500	7 020
00990	Arbeidsgevaravgift	34500	1 406
01950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	34500	4 644
04700	Overføringar til andre (private)	34500	29 500
<b>09109</b>	<b>Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes</b>	<b>88000</b>	<b>-48 818</b>
			0

Konto	Konto (T)	Teneste	År 2012
01600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg	34000	2 174
02302	Byggetenester	34000	3 717
02305	Læremiddel	34000	552
02900	Internkjøp	34000	91 110
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	34000	264 790
00200	Løn til vikarer	34500	1 136
00990	Arbeidsgevaravgift	34500	120
01600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg	34500	784
02300	Vedlikehold, bygg-/anleggstjenester og nyby	34500	2 760
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	34500	22 210
<b>09109</b>	<b>Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes</b>	<b>87000</b>	<b>-389 353</b>
			0

Konto	Konto (T)	Teneste	År 2013
01600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg	34000	1 162
01800	Straum	34000	15 925
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	34000	3 200
02302	Byggetenester	34000	23 856
02900	Internkjøp	34000	50 000
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	34000	126 870
04290	Merverdiavgift som gir rett til momskompen	34000	800
<b>09700</b>	<b>Overføringar frå driftsrekneskapet</b>	<b>34000</b>	<b>-640</b>
<b>09109</b>	<b>Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes</b>	<b>87000</b>	<b>-221 173</b>
			0

Konto	Konto (T)	Teneste	År 2014
00509	Trekkpliktig km.godtgjersle	34000	355
00990	Arbeidsgevaravgift	34000	38
01600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg	34000	6 704
01800	Straum	34000	2 565
01954	Gebyr	34000	625
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	34000	1 675 140
02900	Internkjøp	34000	25 000
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	34000	7 278 165
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	34500	155 000
03800	Kjøp frå føretak og verksemder/særrekneska	34000	1 105
<b>07003</b>	<b>Frå staten m/oppd</b>	<b>34000</b>	<b>-300 000</b>
<b>09109</b>	<b>Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes</b>	<b>87000</b>	<b>-8 844 697</b>
			0

Konto	Konto (T)	Teneste	År 2015
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	34000	4 669 667
03700	Kjøp av tenester frå andre (private)	34500	2 401 843
<b>07700</b>	<b>Refusjon frå andre (private)</b>	<b>31500</b>	<b>-35 120</b>
<b>09580</b>	<b>Bruk av bundne investeringsfond</b>	<b>34000</b>	<b>-85 653</b>
<b>09480</b>	<b>Bruk av ub. Inv.fond</b>		<b>-3 500 000</b>
<b>09109</b>	<b>Bruk av lån</b>		<b>-3 450 738</b>
			0

**Samla prosjektkostnader 2009-2015:**

**17 121 791**

**Finansiering 2009-2015:**

Lån	13 200 379
Ubunden investeringsfond	3 500 000
<b>Sum lån og fond</b>	<b>16 700 379</b>

Bunden kapitalfond/sjølvkost Sørbøvåg vassverk	85 653
Tilskot frå staten	300 000
Refusjon frå andre	35 120
Overføring frå drift (mva)	640
	421 413

<b>Samla finansiering 2009-2015</b>	<b>17 121 791</b>
-------------------------------------	-------------------

**Samla budsjett 2009-2015 med kommunestyrevedtak**

År	Budsjett	KOMM
OB2009	-400 000	040/08
justering	200 000	031/09
RB 2009	-200 000	lån
OB2010	-2 000 000	063/09
justering	0	
RB 2010	-2 000 000	lån
OB2011	-3 000 000	052/10
justering	3 000 000	032/11
RB2011	0	
OB2012	-3 000 000	093/11
justering	3 000 000	048/12
justering	1 150 000	057/12 omdisp.
RB2012	1 150 000	
OB2013	-4 150 000	087/12
justering	2 000 000	037/13
RB2013	-2 150 000	lån
OB2014	-2 000 000	076/13
justering	-4 000 000	026/14
RB2014	-6 000 000	lån
OB2015	-4 000 000	069/14 lån
justering	-3 500 000	031/15 fond
RB2015	-7 500 000	

<b>Samla budsjett 2009-2015: - 16 700 000</b>
---

Hyllestad 10.11.2015


Irene Bøe  
Økonomisjef

---

**Til:** Plan og utvikling v/ Stig Aron Tverberg

---

<b>Dok. ref.</b> Arkivsaknr.: 10/529-166/ SAT L.nr.: 15/6120	<b>Arkivkode:</b> K2-M20 - Vassleidningsnett - Felles, K1-	<b>Dato:</b> 05.11.2015
--	--	----------------------------

## Sluttrapport P-1750 Sørbovåg vassverk

I forkant av utbygging blei det gjort forundersøkjelsar i høve til etablering av nytt vassverk på 1990-talet. Det blei oppretta jordskiftesak i 18.04.1996. Denne blei avslutta 04.04.2002. Saka blei anka hjå grunneigar og var oppe i Gulating lagmannsrett. Anka blei her avvist. Etter dette har tida gått med på avtaleforhandlingar med grunneigarar. Tok tiår å få på plass grunneigaravtalar. Først i 2002 var avtalane på Sørbovåg inngått. På Salbu var avtalene først på plass i 2012.

### Prosjektrekneskapan frå 2009 – 2015:

Utgifter 2009-2011: I denne perioden hadde prosjektet i hovudsak kostnader i høve til planlegging internt i kommunen, men og noko kostnad på advokatbistand til ein grunneigar.

Den 13.02.2012 blei detaljplanlegging av Sørbovåg vassverk lagt ut på Doffin.no. Det beste tilbodet kom frå Asplan Viak AS og arbeidet blei tildelt hjå Hyllestad formannskap den 10.05.2012 med saksnr. 040/12.

Utgifter 2012: Her kom kostnadane med boreholet hjå Vestnorsk Brunnboring AS samt materiell til dette. Analyse av vassprøvar. Planlegging og prosjektering frå konsulentfirmaet Asplan Viak AS. Grunneigarerstatningar blei utbetalt i tillegg til advokatbistand. Intern prosjektfakturering.

Utgifter 2013: Kostnader med prosjektering hjå Asplan Viak AS. Analyse av vassprøvar. Intern prosjektfakturering. Straum til boreholspumpa.

I Mars 2014 blei utbygginga av Sørbovåg vassverk lyst ut på Doffin.no. Det beste tilbodet kom frå Trond Magne Sognnes AS og arbeidet blei tildelt av Hyllestad kommunestyre den 23.05.2014 med saksnr. 032/14. Godkjent tilbodssum var 9.709.517,-. Det blei behov for ekstra bevilgning til prosjektet då midlane på økonomiplanen var langt under tilbodets sum. Det blei bevilga 4 mill. ekstra i 1. tertialrapport 2014 som vart vedtatt i Hyllestad kommunestyre den 26.06.2014 i sak 026/14. Berekinga var basert på at ein kunne tileigne noko kostnad i høve til bustadtomtar som låg i reguleringsplanen. Tilrettelegging av tomtane blei ikkje direkte politisk forankra, men ein var nøydd å bygge ny avkøyrsløp og oppgradere veg langs bustadfeltet for å kunne etablere høgdebassenget. Kostnaden med å legge til rette

---

Postadr.:	6957 HYLLESTAD	Org.nr.	964 967 547
Telefon:	57 78 95 00	Bankkonto skatt:	6345.06.14132
Telefaks:	57 78 86 95	Bankkonto:	3837.07.00319
E-post:	postmottak@hyllestad.kommune.no	Web-adresse:	www.hyllestad.kommune.no

for vatn og avløp til tomtar langs vegen var minimal. Difor såg ein det ikkje som naudsynt med eige politisk vedtak for dette arbeidet.

Utgifter 2014: Utbygginga av Sørbovåg vassverk. Opparbeiding av traktorveg i høve til jordskiftedommen over gnr. 30 avslutta 04.04.2002. Anleggsbidrag til Sunnfjord Energi.

I anbodet på prosjektet låg det postar med stipulerte mengder på sprenging og graving i massar og liknande. Desse var mykje for låge og medførte at ein fekk ein mykje større kostnad enn det som var stipulert og såg ut til å komme på førehand. I tillegg som fylgje av at kostnaden for bustadfeltet ikkje blei separert i eiga politisk godkjenning blei det eit tilleggsbehov på til saman 3.5 mill. Dette blei godkjent i 1. tertialrapport 2015 av kommunestyret den 25.06.2015 sak 031/15. Det må presiserast at ekstrakostnadane i høve til mengder ville komt uansett. Hadde dei stipulerte mengdene vore nærare realiteten ville ein ha fått den reelle kostnaden på bordet ved tilbodsinnhentinga. Plan og utvikling fekk og utfordringar med at prosjektleiar i kommunen sa opp si stilling mitt i utbyggingsperioden ved årsskifte 2014/2015.

Utgifter 2015: Utbygging av Sørbovåg vassverk. Betaling for overtaking av leidningsnettet på Salbu vassverk.

#### Finansiering i heile tusen

Konto	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Total finansiering	Budsj.
09109 Bruk av lån	-49	-197	-49	-389	-221	-8 845	-3 451	-13 200	-13 200
07003 Refusjon Vegvesenet fv 65						-300		-300	
07700 Refusjon deltaking i grøftetrase							-35	-35	
09480 Bruk av ub.inv.fond Bruk av kapitalfond/sjølvk. Sørb.							-3 500	-3 500	-3 500
09580 Vv							-86	-86	
09700					-1			-1	
<b>Sum</b>	<b>-49</b>	<b>-197</b>	<b>-49</b>	<b>-389</b>	<b>-222</b>	<b>-9 145</b>	<b>-7 072</b>	<b>-17 122</b>	<b>-16 700</b>

#### Kommentar:

Refusjon frå vegvesenet i samband med utskifting av massar på fylkesveg 65 på 300.000,-. Refusjon frå Eltel Sønnico AS for deltaking i grøftetrase ved fylkesvegen på høvesvis 35.000,-. Fekk elles eit meirforbruk på kr 379 som ein føreslår vert dekkja med ubrukte lånemidlar.

Resultatet etter utbygginga er at Hyllestad kommune har fått eit velfugerande og topp moderne vassverk etablert på Sørbovåg. 2 utfordrande vassverk er erstatta av dette. Ein har fått fleire abonnentar tilknytt kommunale vassverk. Vatnet leverer veldig gode prøver og ein får gode tilbakemeldingar på kvaliteten. Dei gamle vassverka er i tillegg med på beredskapen vår og ein har soleis ein høgare leveringstryggleik for abonnentane.

Stig Aron Tverberg  
Plan- og utviklingssjef

#### Kopi til:

Kåre O. Hatlebrekke

Plan og utvikling

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Hyllestad kontrollutval	<b>Møtedato</b> 24.11.2015	<b>Saksnr</b> 030/15
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-033	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/489
---	-------------------------	-------------------------------

## Møteplan 2016

### Vedlegg:

#### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Hyllestad kontrollutval legg opp til møtetidspunkt på tysdagar kl 10.00. Møtedatoar i 2016:

- 23. februar
- 10. mai
- 30. august
- 15. november

25. januar deltek utvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket.

...

### Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat har laga framlegg til møteplan for dei 15 kommunane «våre». Møtetidspunkta er basert på erfaringar frå tidlegare år.

Våren 2016, vert arbeid med planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll viktige saker. Vi legg opp til at overordna analyse frå revisor ligg føre til møtet den 23. februar. Denne vert så grunnlaget for vidare planarbeid. Årsrekneskapen for vert i tilfelle handsama i møte den 10. mai.

Vi har lagt utkastet til samla møteplan ut på <http://www.sekom.no>.

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Hyllestad kontrollutval	<b>Møtedato</b> 24.11.2015	<b>Saksnr</b> 031/15
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-040, Komnr-1413	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/360
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Oppfølgingsliste 4 - 2015

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	17.11.09	17.11.09: Vedtak KU: - Orientering frå adm om einingane. - Tertialrapportar som SM. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som SM. - Kvalitetsrapportar revisor. - Orientering frå revisor om revisjon generelt og om status i revisjonsarbeidet 1 – 2 g. i året.
Sakshandsaming, vedtak og svargjeving – forvaltningsrevisjon (20/14)	26.9.14	KU-sak 20/14 Val av nytt prosjekt – vedtak: Kontrollutvalet tingar følgjande forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving. <ol style="list-style-type: none"><li>1. Revisjonen vert avgrensa til enkeltvedtak innan tekniske tenester.</li><li>2. Følgjer kommunen forvaltningslova og offentleglova?<ul style="list-style-type: none"><li>• Er sakshandsaming, vedtak og svargjeving i tråd med gjeldande regelverk?</li><li>• Vert vedtak og svar forma på ein måte som gjer dei klare og enkle å forstå?</li></ul></li><li>3. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på neste møte i kontrollutvalet den 11. desember.</li><li>4. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.</li></ol> 29.9.14 – Tinging av prosjekt sendt til KRYSS Revisjon.



Sak	Dato	Status																												
		<p>11.12.14: KU-sak 28/14 Prosjektplan Stig Årdal frå KRYSS Revisjon informerte om prosjektet. KU-vedtak 28/14: Framlegg til prosjektplan datert 10.11.14, vert godkjent. 018/15 den 26.8.15 Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Hyllestad kommunestyre tek rapporten frå forvaltningsrevisjon om sakshandsaming, vedtak og svargjeving til orientering.</li> <li>Rådmannen følgjer opp funn og tilrådingar i rapporten med spesielt vekt på: <ul style="list-style-type: none"> <li>Sakshandsamingsfristar</li> <li>Rutinar for førebels svar</li> <li>Rutinar for informasjon om rett til innsyn</li> <li>Vurdere bruk av førehandskonferanse i byggjesaker</li> </ul> </li> <li>Rådmannen informerer kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan utgangen av første halvår 2016.</li> </ol> <p>7.9.15: Sendt til Hyllestad kommune ved ordførar og rådmann</p>																												
Overordna analyse	26.8.2015	<p>KU-sak 21/15, vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Hyllestad kommune frå KRYSS Revisjon.</p>																												
Eigarskapskontroll	26.8.2015	<p>KU-sak 22/15, vedtak: Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?</li> <li>Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapaen i tråd med vedteken strategi?</li> </ol>																												
Budsjett 2016 for kontrollutvalet	26.8.2015	<p>KU-sak 23/15, vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet i 2016:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Post</th> <th>Tekst</th> <th>B2015 (KU)</th> <th>B2016</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>10800</td> <td>Godtgjersle folkevalde</td> <td>15 000</td> <td>15 000</td> </tr> <tr> <td>10990</td> <td>Arbeidsgjevaravgift</td> <td>900</td> <td>2 000</td> </tr> <tr> <td>11500</td> <td>Opplæring/kurs/seminar</td> <td>12 000</td> <td>22 000</td> </tr> <tr> <td>11600</td> <td>Skyss- og diettgodtgjersle</td> <td>1 000</td> <td>1 000</td> </tr> <tr> <td>11959</td> <td>Kontingentar</td> <td>1 100</td> <td>1 500</td> </tr> <tr> <td></td> <td>Sum</td> <td>30 000</td> <td>41 500</td> </tr> </tbody> </table> <p>7.9.15: Sendt til Hyllestad kommune ved rådmannen</p>	Post	Tekst	B2015 (KU)	B2016	10800	Godtgjersle folkevalde	15 000	15 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	900	2 000	11500	Opplæring/kurs/seminar	12 000	22 000	11600	Skyss- og diettgodtgjersle	1 000	1 000	11959	Kontingentar	1 100	1 500		Sum	30 000	41 500
Post	Tekst	B2015 (KU)	B2016																											
10800	Godtgjersle folkevalde	15 000	15 000																											
10990	Arbeidsgjevaravgift	900	2 000																											
11500	Opplæring/kurs/seminar	12 000	22 000																											
11600	Skyss- og diettgodtgjersle	1 000	1 000																											
11959	Kontingentar	1 100	1 500																											
	Sum	30 000	41 500																											

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Hyllestad kontrollutval	<b>Møtedato</b> 24.11.2015	<b>Saksnr</b> 032/15
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/488
---	----------------------	-------------------------------

## Eventuelt

### Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*